



ULLENSVANG KOMMUNE
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anette Heggøy, 5557 2305

Rapport etter tilsyn med Håra AR og Seljestad AR

Kontrollnummer: 2024.328.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 23. oktober 2024 hos Ullensvang kommune (organisasjonsnummer: 974615002).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Seljestad og Håra AR oppnår ikkje reinsekrava i utsleppsløyvet.
- Avvik 2: Kommunen si planlegging av avløpsverksemda har manglar.
- Avvik 3: Kommunen si avviksrapportering har manglar.

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Statsforvaltaren gav ingen merknader

Statsforvaltaren gav ingen merknader på tilsynet.

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.



Frist for tilbakemelding er 15. februar 2025.

Ullensvang kommune må rette opp avvika snarast.

De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 15. februar 2025 som viser korleis avvika er eller vil bli retta.

I tillegg må kommunen sende inn oppdatert framdriftsplan for andre krav i løyvet og jamlege statusoppdateringar for optimaliseringstiltaka ved anlegga, sjå avsnitt «pålegg om opplysningar» under.

Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [svf/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2020/4070.

De må betale gebyr

Ullensvang kommune må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet.

Pålegg om opplysningar

Ullensvang kommune må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren:

- Innan 15. februar 2025:
 - Framdriftsplan for optimalisering av reinseanlegga, slik at dei oppnår gjeldande reinsekrav.
 - Oppdatert framdriftsplan for ivaretaking av andre krav i løyvet, jf. kommunen sitt brev av 30. september 2024 (sjå meir informasjon under rapportens Del 4 Annan informasjon)
- Jamleg kvart halvår, seinast 1.mars (ved årsrapporteringa) og 1. september:
 - Statusoppdatering om optimaliseringa av reinseanlegga. Informasjon om framdrift og resultat av tiltaka.

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast tre dagar etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Håra og Seljestad reinseanlegg oppnår ikkje reinsekrava i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyve for reinseanlegga, punkt 3.2.4 Reinsekrav og dokumentasjonskrav
- Forureiningsforskrifta § 14-7



Om krava

Håra og Seljestad reinseanlegg har utslepp til normalt område jf. forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 1 punkt 1.2, og er dermed omfatta av reinsekrava i forureiningsforskrifta § 14-7. Avløpsvatnet frå reinseanlegga skal gjennomgå fosforfjerning og sekundærreinsing før utslepp.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Kommunen oppnådde ikkje reinsekrava for Håra og Seljestad reinseanlegg i 2023. Seljestad reinseanlegg hadde avvik for både KOF, BOF og fosfor, medan Håra hadde avvik på fosforkrava. Anlegga hadde også avvik frå reinsekrava ved Statsforvaltaren sitt førre tilsyn i 2021.

Ved gjennomgang av historiske måledata går det fram at begge anlegga fungerte relativt bra i perioden 2011-2015, sjølv om anlegga i heile perioden frå 2011 og fram til i dag har hatt utfordringar med å nå krava.

Seljestad reinseanlegg har hatt avvik for KOF og BOF sidan 2015, med unntak av 2022 og 2021, og anlegget har ikkje nådd fosforkrava sidan 2014. Resultata har blitt noko betre dei siste to åra, men krava er framleis ikkje nådd. Ved Håra reinseanlegg har resultata vore noko betre, og anlegget nådde krava for organisk stoff i 2022 og 2023. Fosforkrava er ikkje nådd, men anlegget har jamt over betre og meir stabile resultat enn Seljestad reinseanlegg.

Etter tilsynet i 2021 engasjerte kommunen konsulent som utarbeida ein rapport med forslag til tiltak for å optimalisere reinsegraden ved avløpsanlegga. Rapporten inkluderte forslag til tiltak både på sjølve reinseanlegga og tiltak på leidningsnett oppstrøms. Kommunen har utført nokon av tiltaka, men det står framleis att fleire tiltak som ikkje er utført.

Avvik 2: Kommunen si planlegging av avløpsverksemda har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyve for reinseanlegga, punkt 2.7.1 Heilskapleg handlingsplan
- Utsleppsløyve for reinseanlegga, punkt 3.1.2 Krav til tiltaksplan for fornying av avløpsnett m.m.
- Utsleppsløyve for reinseanlegga, punkt 3.1.2 Krav til utslepp via overløp
- Utsleppsløyve for reinseanlegga, punkt 2.6.1 Krav om miljørisikovurdering
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

Om krava

Miljørisikovurdering

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og utsleppsløyvet punkt 2.6.1 skal kommunen ha ei oppdatert miljørisikovurdering for det totale avløpssystemet som utsleppsløyvet omfattar. Vurderinga skal kartlegge fare og problem med omsyn til ytre miljø, og kommunen skal på bakgrunn av dette vurdere risiko. På bakgrunn av risikoanalysen skal det utarbeidast handlingsplanar og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva.

Miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplanar skal vere ein viktig del av grunnlaget for den overordna avløpsplanen (sjå punkt om heilskapleg handlingsplan under) og beredskapsplanen til kommunen.



Miljøriskovurderinga og tilhøyrande tiltaksplanar skal ifølgje utsleppsløyvet punkt 2.6.1 evaluerast minst ein gong per år og skal oppdaterast etter kvart som tiltak er gjennomført og kunnskapsgrunnlaget endrar seg.

Utfyllande krav til miljørisikoanalysen går fram av utsleppsløyvet punkt 2.6.1

Heilskapleg handlingsplan

I utsleppsløyva punkt 2.7.1 er det krav om at kommunen innan 31.12.2023, skal utarbeide ein heilskapleg handlingsplan (temaplan avløp/hovudplan avløp e.l.) for avløpsverksemda i Håra og Seljestad tettbygde område. Planen skal synleggjera behov for vedlikehald, fornying og utbygging av dei totale avløpsanlegga (leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg), og vise korleis kommunen skal løyse dette i praksis innanfor fastsette fristar.

Gjennom planen skal kommunen sjå tiltak, mål og prioriteringar i samanheng med annan planlegging i kommunen. Planen skal resultera i utarbeiding av konkrete handlingsplanar som igjen skal avspeglast i ein plan for årleg gjennomføring av tiltak. Kva tiltak som skal gjennomførast innanfor gjeldande og komande økonomiplanperiode skal gå tydeleg fram av handlingsplanen.

Tiltaksplan for fornying av leidningsnett

I utsleppsløyva punkt 3.1.2 er det krav om at kommunen skal ha ein tiltaksplan for fornying av avløpsnettet til reinseanlegga med kummer, pumpestasjonar mm. Planen skal vise det årlege gjennomsnittlege behovet for fornying av spillvassførande leidningsnett og kva kriterium som er lagt til grunn for fornying. Fornyingsprogrammet skal minst omfatta dei neste 5 åra.

Tiltaksplan for reduksjon av overløp

I utsleppsløyva punkt 3.1.4 er det krav om at kommunen skal ha ein tiltaksplan for å redusere driftsoverløp og vurdere mogelegheiter for å etablere utjammingsbasseng eller andre avbøtande tiltak.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Miljøriskovurdering

Ullensvang kommune kunne ikkje vise fram nokon miljørisikovurdering for avløpsanlegga ved Håra og Seljestad AR.

Heilskapleg handlingsplan

Kommunen opplyste under tilsynet at kommunen ikkje har ein oppdatert kommunedelplan for avløp. Siste vedtekne kommunedelplan som dekker Håra og Seljestad tettbygde område er *Odda kommune. Kommunedelplan for avløp 2011-2022*.

Tiltaksplan for fornying av leidningsnett

Kommunen manglar ein oppdatert plan for fornying av avløpsnett.

Tiltaksplan for reduksjon av overløp

Kommunen manglar ein oppdatert plan for reduksjon av driftsoverløp.

Avvik 3: Kommunen si avviksrapportering har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyvet punkt 2.6 plikt til internkontroll
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7



- Utsleppsløyvet punkt 6.6 varsling av akutt forureining
- Forureiningsforskrifta § 14-4 varsling av overskridelse av renskrav

Om krava

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 2.6 og internkontrollforskrifta, pliktar kommunen å etablere internkontroll for si avløpsverksemd. Internkontrollforskrifta gir reglar om kva det systematiske HMS-arbeidet i kommunen skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Skriftlege rutinar for avviksrapportering

I samsvar med internkontrollforskrifta § 5 punkt 7, skal verksemda iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskridingar av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga. Eit system for avvikshandtering og skriftlege rutinar for bruken av avvikssystemet er eksempel på rutinar som verksemda skal ha på plass.

Varsling av akutt forureining

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 6.6 om varsling av akutt forureining og forureiningsforskrifta § 14-14, skal kommunen rapportere til Statsforvaltaren (mellom anna) når utsleppskonsentrasjonen frå anlegga er på meir enn det dobbelte av gjeldande krav.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Varsling av akutt forureining

Ullensvang kommune har ein skriftleg rutine for rapportering til Statsforvaltaren når utsleppa frå anlegga overskrider reinsekrava med 100 %. Likevel vart ikkje avvik på utsleppsgrensene for BOF ved Seljestad AR 24. mars 2023 rapportert til Statsforvaltaren.

Skriftlege rutinar for avvikshandtering

Ullensvang kommune har sidan førre tilsyn teke i bruk det digitale avvikssystemet Compilo. På tilsynet kom det fram at kommunen ikkje har avklart/ikkje har ei skriftleg rutine for kva som skal registrerast som avvik på ytre miljø i avvikssystemet. Mellom anna hadde kommunen ikkje avklart når og om avvik frå reinsekrav skal registrerast (t.d. ved avvik ved enkeltprøvar, eller når det er oppstått avvik frå utsleppsløyvet). Statsforvaltaren meiner det er viktig at avvik frå reinsekrav vert registrert i avvikssystemet sjølv om dette «ikkje er noko nytt» og ein kjenner årsaka. Dette fordi registreringane vil ha verdi i samband med kommunen sin planlegging og prioritering av tiltak på avløpsområdet, eksempelvis ved utarbeiding av miljørisikovurderingar, hovudplan avløp og meir detaljerte tiltaksplanar. Registreringane vil også ha verdi ved rapportering til kommuneleiinga om behov for tiltak og investeringar.

Statsforvaltaren gav ingen merknader

Statsforvaltaren gav ingen merknader på tilsynet.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Ullensvang kommune må betale eit gebyr på 50 400 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 23.



september 2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Anette Heggøy
- Elisabeth Sveen Eikenes

Kontaktperson hos verksemda:

- Mette Vintertun - Verksemdsleiar VA

Anlegg

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Avløpsanlegga i Håra tettbygde område
- Avløpsanlegga i Seljestad tettbygde område

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Utslepp til vatn
- Kommunal planlegging
- Internkontroll og avviksrutinar
- Utsleppsløyve for Håra¹ og Seljestad² tettbygde område, begge datert 24. april 2023

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- internkontrollforskrifta
- vassforskrifta

¹ Løyve nr. 2023.0295.T

² Løyve nr. 2023.0116.T



Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Flytskjema over reinseanlegga
- Odda kommune. Kommunedelplan for avløp 2011-2022
- Avvikssystemet Compilo
- Tiltaksplan for framandvatn
- Framdriftsplan for optimalisering av Seljestad og Håra reinseanlegg basert på prosjektrapport av 30. november 2021
- Rapport: Resipientovervåking i Ullensvang kommune 2023
- Internt registreringsskjema (excel) for reinseresultat

Del 4: Annan informasjon

Bakgrunn for tilsynet

Ullensvang kommune fekk nytt utsleppsløyve for Håra og Seljestad avløpsreinseanlegg 24. april 2023. Løyva erstattar tidlegare løyve frå 2008. Målet med tilsynet var å sikre at kommunen kjenner til og følger krava i dei nye utsleppsløyva.

Dei nye utsleppsløyva inneber ingen endring i reinsekrav eller rammer for tilførsler til anlegga, men inneber omfattande endringar av andre krav i løyvet. Ei av hovudendringane i dei nye løyva er meir konkrete og detaljerte krav til internkontroll og planlegging, eksempelvis meir detaljerte krav til utarbeiding og oppdatering av miljørisikovurderingar og handlingsplanar for kommunen sitt avløpssystem. Det er også sett nye funksjonskrav til leidningsnett, meir konkrete krav til energistyring og til den årlege rapporteringa for avløpsanlegget.

Status for oppnåing av krava i dei nye løyva

I samband med eigenkontrollrapporteringa for 2023 kom det fram at Ullensvang kommune ikkje hadde oppdaga at nye utsleppsløyve var gitt for Håra og Seljestad reinseanlegg. Dermed har kommunen blitt forseinka med å innfri fleire av krava i dei nye løyva.

I brev av 30. september 2024 gjorde kommunen greie for korleis og når krava i utsleppsløyva vil bli møtt. På tilsynet kom det fram at nokon av datoane og opplysningane i dette brevet ikkje var riktige. Mellom anna var det fleire feil i planen for optimaliseringstiltak på reinseanlegga, og feil dato for planlagt ferdigstilling av ny kommunedelplan avløp. Statsforvaltaren ber difor om at kommunen sender inn ein ny plan med oppdaterte datoar for når krava i løyvet vil bli møtt.

Tilbakemelding på resipientovervakinga til kommunen

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 7 skal kommunen overvake korleis utslepp frå Seljestad AR og Håra AR påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking § 18 og vedlegg V punkt 1.3, og vurderast etter klassifiseringssystemet for miljøtilstand i vatn. Metodane som er beskrivne her inneber prøvetaking/kartlegging av biologiske kvalitetselement³ og prøvetaking av vasskjemi. Resultatet for dei biologiske kvalitetselementa skal vere styrande for vurderinga av miljøtilstand og resultatet av vasskjemiprøvene skal fungere som støtteparametrar⁴.

³ Eksempel på biologiske kvalitetselement i elver er t.d. påvektsalger, vassplantar og botndyr.

⁴ Sjå mellom anna Veileder 02-2018 side 7. [02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann](#)



Ei viktig årsak til at biologiske kvalitetselement skal inngå i resipientovervakinga, og vere styrande ved vurdering av overvakingsresultat, er at biologiske kvalitetselement gir meir informasjon om korleis miljøtilstanden i eit vassdrag er gjennom eit heilt år/ein heil sesong. Dette i motsetnad til vasskjemiske prøver som berre viser augeblikksbilete frå vassdraget. Sidan avløpsanlegga på Seljestad og Håra hovudsakleg får tilførsel frå hytteområde og dermed truleg har eit varierende utslepp over året, vil det kunne vere vanskeleg å få eit representativt bilete av miljøtilstanden i resipienten ved kun stikkprøvetaking av vasskjemi. Det å inkludere biologiske parametarar i overvakingsprogrammet er difor viktig for å sikre god og påliteleg informasjon om utsleppa sine miljøverknader. Eit fullstendig overvakingsprogram i tråd med vassforskrifta er også viktig sett i lys av at avløpsanlegga i dag ikkje oppnår reinsekrava i løyvet.

Krav om resipientovervaking var ikkje blant dei planlagde temaa for dette tilsynet. I løpet av tilsynet kom det likevel fram at Ullensvang kommune gjennomfører resipientovervaking for både Seljestad AR og Håra AR. Resultata frå overvakinga viser god miljøtilstand, men ifølgje kommunen har resipientgranskingane så langt berre omfatta prøvetaking av vasskjemi, og ikkje kartlegging/prøvetaking av biologiske kvalitetselement. For at kommunen si resipientovervaking skal vere i samsvar med vilkåra i løyvet, må kommunen difor sørge for at overvakingsprogrammet framover også inkluderer kartlegging av biologiske kvalitetselement. Tilsvarande krav er stilt til alle avløpsutslepp i fylket omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14.

Aktuelle biologiske kvalitetselement i resipientovervakingsprogrammet for Seljestad og Håra AR må vurderast i samråd med fagekspertise. Anbefalt prøvetakingsfrekvens for biologiske kvalitetselement er kvart tredje år⁵. Vi ber om at det reviderte overvakingsprogrammet blir sendt til Statsforvaltaren for gjennomsyn og tilbakemelding. Sidan resipientovervaking ikkje var tema for tilsynet, og vi ikkje rakk ein detaljert gjennomgang av temaet, har vi ikkje skrive avvik på dette i denne rapporten.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Elisabeth Sveen Eikenes
rådgjevar

Anette Heggøy
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

⁵ Sjå vassforskrifta Vedlegg V punkt 1.3.4 og Veileder 02:2018 for meir detaljar.